



SLUTTRAPPORT – PROSJEKT K1

Synliggjøring av gjennomgående perspektiv i Fylkesplan 2013-2016

Pilotfylke Møre og Romsdal



1. Innleiing

Møre og Romsdal fylkeskommune fekk i 2013 eit tilskot på kroner 100 000 frå Miljøverndepartementet til prosjektet "Synliggjerings av gjennomgåande perspektiv i Fylkesplan 2013-2016".

Fylkesplanen 2013-2016, som er den overordna regionale planen i Møre og Romsdal, vart vedteken av fylkestinget 11. desember 2013, [sak T-72/14](#). Fylkesplanen har fire satsingsområder og seks gjennomgåande perspektiv. Satsingsområda er kultur, kompetanse, verdiskaping og samferdsel, mens dei gjennomgåande perspektiva er: barn og unge, folkehelse, universell utforming, likestilling og inkludering, internasjonalisering og miljø og klima. Gjennom fylkesplanen, som har stor legitimitet i organisasjonen og blant våre regionale samarbeidspartar, har vi i 2013 utarbeidd ei handbok som skal vere eit verktøy og hjelpemiddel i arbeidet med dei ulike gjennomgåande perspektiva. Målet er at perspektiva skal medverke til heilskapleg planlegging og arbeid på tvers av satsingsområda i fylkesplanen.

Handboka skal vere eit hjelpemiddel for:

- Synliggjerings av og bevisstgjerings om dei gjennomgåande perspektiva i Fylkesplan 2013-2016
- Gjennomføring av mål og tiltak knytt til dei gjennomgåande perspektiva
- Sikre medverknad i den regionale planlegginga
- Fremme verdiane i arbeidsgjevarpolitikken

I 2013 har vi hatt særleg fokus på perspektivet universell utforming ved implementering av handboka. Universell utforming har vore presentert fagleg og nytta som eksempel i presentasjonane.

For prosjektet er det lagd følgjande mål:

1. Effektmål pr. målgruppe:

- Universell utforming som gjennomgåande perspektiv skal vere eit viktig vurderingskriterium i alle planar og tiltak.

2. Resultatmål:

- Handboka er utarbeidd og tatt i bruk av sakshandsamarane i sentraladministrasjonen i fylkeskommunen
- Handboka skal vere kjent av Fylkesmannen i Møre og Romsdal og kommunane i fylket.

Handboka er å finne her: www.mrfylke.no/fylkesplan.

2. Oppnådde resultat

I prosjektperioden har vi oppnådd følgjande resultat:

- Alle fagavdelingar i fylkeskommunen var med i utarbeiding av handboka
- Øvste leiargruppe i fylkeskommunen vart orientert om arbeidet med handboka
- Handboka er presentert på ulike avdelingar i sentraladministrasjonen i fylkeskommunen
- Handboka er tatt inn som ein del av opplæring i skriving av saker for alle saksbehandlarar i fylkeskommunen
- Handboka er presentert for Vestlandsrådet og i andre nasjonale fora.

Ein av utfordringane vi stadig møter er å få handboka implementert og at den blir tatt i bruk som det verktøy og hjelpemiddel den er meint å vere. Vi ser og at vi må arbeide for at alle får kjennskap og aller helst eit eigarforhold til handboka, på ein slik måte at dei vil nytte ho. Dette er tema vi vil arbeide vidare med i 2014, mellom anna gjennom å trykke opp og adressere den til alle saksbehandlarane hos oss. Vi vil også lage eit obligatorisk e-læringskurs med spørsmål knytt til handboka. I tillegg vil vi hausten 2014 gjennomføre ei evaluering og revidering, der vi skal ta med nokre av dei som har brukt den i sin sakshandsaming.

3. Gevinstrealisering

Handboka er ment å vere eit verktøy og hjelpemiddel både under saksbehandling, men også ved den årlege rapporteringa på fylkesplanen, da særskilt mot dei gjennomgåande perspektiva (sjå www.mrfylke.no/fylkesplan og <http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Regional-planlegging/Fylkesplan/Fylkesplan-2013-2016-aarsrapport-2013>).

Ein av dei sentrale nytteverdiane vi ser gjennom prosjektet er arbeidsprosessen fram til ferdig produkt og prosessen med å få handboka implementert. Prosessen

har ført til at alle avdelingar i fylkeskommunen har vore involvert i utarbeidinga og dermed fått eit anna forhold til dei gjennomgåande perspektiva enn tidlegare. Prosessen har også gitt ein større bredde til det faglege omkring perspektiva. Det er mellom anna knytt sentrale rådgivarar og deira kontaktinformasjon til kvart av dei gjennomgåande perspektiva, fagpersonene er difor enkle og kontakte.

Vi ser også at handboka har ført til at ein er flinkare til å sikre medverknad tidlig i prosessen, omsynet til universell utforming blir tatt med tidlegare i arbeidsprosessane. Vi ser for eksempel at kulturavdelinga har eit sterkt fokus på universell utforming i arbeidsprosessen med spelemiddelsøknadar. Både offentlege og frivillige lag og organisasjonar kan søkje om spelemidler til ulike anlegg. Innspel til universell utforming har fokus heilt frå starten. Det same fokus har ein i høve kartlegging av friluftsområder. Samstundes kan ein sjå at samferdselsavdelinga har ytterligere fokus på universell utforming da dei lagar konkurransedokumenter til sine anbudsrunder.

Handboka for arbeidet med dei gjennomgåande perspektiva er i hovudsak knytt til Møre og Romsdal sin fylkesplan, men den viser ein alternativ arbeidsmåte og er eit verktøy og eit hjelpemiddel som fleire kan ha nytte av. Handboka er presentert på mange arenaer, både internt og eksternt, og har vorte godt mottatt. Handboka sett medverknad og deltaking i fokus, der bruk av brukarkompetanse tidlig i planprosesser står sentralt. Særlig ser vi at bredda i deltaking er større blant frivillige og organisasjonar elles. Ein ser og at arbeidet med handboka og presentasjonar av ho har gjort at Rådet for likestilling av funksjonshemma har vorte betre kjent i eigen organisasjon

Universell utforming

Resultatmål
 Legge til rette for ferdsel, bruk og deltaking for alle ved at universell utforming skal vere eit viktig vurderingskriterium i alle planer og tiltak.

Føremålet med universell utforming er å auke mennesket sine moglegheiter for samfunnsdeltaking. Omsynet universell utforming tek utgangspunkt i heile befolkninga, og eit samfunn utforma etter dette prinsippet, vil gi gode moglegheiter til utvikling og utføring for alle.

Sjekkpunkt til vurdering
 På kva område er det særleg relevant med universell utforming?

Døme:

- Skolebygg, fylkesbibliotek, sannehelsekniskar
- Kollektivtrafikktilbod, trafikkterminalar
- Butikkjeling (trestader) alle offentlege tenestetilbod
- Helsestøyer, turstøyer, idrettsanlegg
- Krav ved nybygg (teknisk forskrift 10), utareal
- Offentlege innsegn
- Talestøyr

Korleis skal omsynet til mangfaldet i befolkninga takast vare på?

Døme:

- Dialog med sentrale brukargrupper
- Oppføringsstiltak, synfaringar saman med ulike brukargrupper

Korleis gjer ein dette i praksis, kva er verkemidla?

Døme:

- Prosessar der alle relevante interessegrupper blir tidleg involvert
- Samarbeid mellom fleire fagavdelingar

Kva konflikt kan oppstå, og på kva måte kan ein vurdere behov for universell utforming i forhold til andre motstridande omsyn?

Døme:

- Økonomiske omsyn. Tilpassingar i ettertid er ofte fordyrande og gir mindre gode løysingar
- Kapasitetsoversyn (ferje/buss) - haldte rutetidene
- Haldningar

Aktuelle lover og forskrifter

- Diskriminerings- og tilgjengelegheitsloven, § 10
- Plan- og bygningstovet, § 1
- Lov om universitet og høgskular, om fagutdanning, om folkehøgskular, om grunnskulen og om vidaregåande opplæringslova stiller krav til at læringsmiljøet skal vere universelt utforma. Kravet er ikkje begrensa til bygningane.
- Lov om offentlege anskaffingar, § 4-1 (Bokstev)
- Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne
- Lov om folkehelsearbeid
- Forskrift om universell utforming på transportsektoren
- Byggetekniske forskrift (TEK10)

Lenker

- Delbarret.no
- Direktoratet for bygghandlet
- Kanskje, ungdoms og familiedirektorat
- Den rettslunde vettspesjaliser for kommunale og fylkeskommunale «Åt for funksjonshemma
- Tilgjengeleg.no - Rogaland fylkeskommune
- Korleis lage handlingsplanar for universell utforming

Kontaktpersonar

- Rådgivar Pauls Næss Skår
 71 25 88 42/522 50 303
 paula.nass.skar@fylke.no
- Mari Anne Bjerkmann
 Rådgivar
 71 25 82 85
 mari.anne.bjerkmann@fylke.no

Frå handboka, side 8 og 9:
 Gjennomgåande perspektiv: universell utforming.

4. Organisering, forankring og deltaking

Møre og Romsdal fylkeskommune har vore prosjekteigar, der assisterande fylkesplansjef har vore prosjektleiar. I prosjektgruppa har det til saman vore ti personar, representert frå alle avdelingar i fylkeskommunen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, og kommunane i fylket har vore viktige samarbeidspartnarar undervegs, mens øvste leiargruppe i fylkeskommunen, rådet for likestilling av funksjonshemma og eldrerådet har vært sentrale referansegrupper. Styringsgruppa har bestått av fylkesplansjefen og prosjektleiar.

5. Økonomi

Møre og Romsdal fylkeskommune sin del i prosjektet har vore lønnsmidlar, i alt kroner 250 000.

Møre og Romsdal fekk eit tilskot på kroner 100 000 frå Miljøverndepartementet knytt direkte til dette prosjektet og har nytta kroner 125 000 igjennom midlar frå tiltak K1. Av desse er det i løpet av 2013 nytta kroner 73 000 til layout og trykk av handboka og kroner 14 000 til internt seminar kalla "Gjennomgåande perspektiv i Fylkesplan 2013-2016, eksempel universell utforming". Seminaret blei avlyst grunna få påmeldte og dei økonomiske utgiftene ble difor mindre enn budsjettert i søknaden. I staden vart det arrangert eit mini-seminar på fylkeshuset med bidragsytarar frå Rogaland fylkeskommune.

Til saman er det i 2013 nytta kroner 87 000 til dette prosjektet. Dei resterande midlane vil bli nytta i 2014. Pengane vil nyttas til optrykk av handboka, lage eit e-læringskurs og til ein utvida revidering.

6. Prosess

Vi har hatt fokus på universell utforming under utarbeiding av handboka, og særlig i forhold til layout, der har vi hatt fleire rundar med Kreatoret AS som utforma dokumentet.

I handboka er det eit eige felt med "aktuelle lover og forskrifter" og "lenker", her er det gjort eit utval i frå mellom anna nettsida til Direktoratet for byggkvalitet (K5), Husbanken og departement.

I løpet av 2014 vil vi ha prosessar knytt til evaluering og revidering av handboka. På slutten av 2015 vil revidering av fylkesplan starte opp og handboka vil gjennomgå ei ny revidering i samband med dette. Det er ønskeleg at handboka

blir ein del av fylkesplanen ved denne revideringa og igjennom det aukar merksemda ytterlegare om dei gjennomgåande perspektiva.

7. Eventuelle endringar

Handboka er i løpet av prosjektperioden blitt eit ferdig produkt, jamfør prosjektsøknaden. Arbeidet med å få den implementert og tatt i bruk vil vi arbeide systematisk med i 2014 og framover.